

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 5-2015
Tid: Fredag 11. september kl. 09:00 - 13:30
Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS, møterom

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Kari F. Aakre, Hallvard Oppedal, Per Lerøy, Karstein Totland, Nils Marton Aadland, Knut Moe
Rådmenn:	Øivind Olsnes, Jarle Landås, Ingvild Hjelmtveit, Jan Olav Osen, Vidar Bråthen, Odd Ivar Øvregård
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
Andre:	Skyss: Målfrid Vik Sønstabø (leder trafikktilbud), Bjarte Årvik (driftssjef), Åshild Fossgard Sandøy (juridisk avdeling), Stine Karoline Olsen (rådgiver trafikktilbud) BRB: Vidar Totland
Forfall:	Kristin Handeland, Astrid A. Byrknes, Reidun Halland, Svein Helge Hofslundsengen, Ørjan Raknes Forthun, May Eva Sandvik

Sak 32/15	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 33/15	Godkjenning, protokoll møte 4-2015 (vedlegg) Møteprotokoll frå møte 4-2015 vart godkjent utan merknadar.
Sak 34/15	<p>Nye anbodskonkurransar for fylkesvegferjene. Presentasjon av forslag til nytt rutetilbod for dei relevante ferjesambanda</p> <p>Målfrid Vik Sønstabø (leder trafikktilbud), Bjarte Årvik (driftssjef), Åshild Fossgard Sandøy (juridisk avdeling), Stine Karoline Olsen (rådgjevar trafikktilbod) frå Skyss informerte om prosessen med nye anbodskonkurransar (jf. vedlagte presentasjon). Agenda var:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kort om Skyss 2. Rammer og føringar for nye ferjeambod 3. Rutepakkeinndeling og framdrift 4. Dagens trafikkstatistikk og forventa trafikkvekst 5. Prinsipp for utforming av rutetilbodet 6. Innspel frå kommunane <p>Kommentar frå Regionrådet</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Leirvåg – Sløvåg: Det er stor trong for betre materiell på ferjesambandet. Dagens ferjemateriell er ikkje tilstrekkeleg tilpassa vêrforholda i området, og det er vesentleg risiko for innstillingar som fylgje av dette. ▪ Leirvåg-Sløvåg: Det er ønske om at dette blir et to-ferje samband, med to mindre ferjer (40-50 PBE) som får halvtimes frekvens. Dette vil også vera positivt i tilfelle der den eine ferja av ulike årsakar ikkje er i drift. ▪ Leirvåg-Sløvåg: Det er forventa ein betydeleg vekst i trafikkgrunnlaget for ferjesambandet utover «vanleg vekst». Dette blant anna som fylgje av ilandføringa av Johan Sverdrup, der det er venta sterk næringsutvikling på begge sider av Fensfjorden. Det vil føra til at leverandørindustrien aukar, og det vil bli utvikling av større næringsareal og etableringar på begge sider av fjorden.

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Leirvåg-Sløvåg: Det er behov for automatisk sløkkesystem på sambandet for å unngå situasjonar der kapasiteten må reduserast pga. køyretøy med farleg last. ▪ Leirvåg-Sløvåg og Fedje-Sævrøy: Sambanda bør opererast med einsarta ferjemateriell slik at ferjene kan fungera som reserveferje for det andre sambandet. ▪ Leirvåg-Sløvåg og Fedje-Sævrøy: Avgangstidene for ferjene bør i større grad tilpassast skiftplanane for tilsette på Mongstad. Dette gjelder spesielt Fedje – Sævrøy som ikkje er tilpassa i dag. To mindre ferjer over Leirvåg – Sløvåg vil gjera dette mindre sårbart. ▪ Masfjordnes-Duesund: Det er ønske om betre frekvens for sambandet. Dette låg inne i opprinneleg plan. ▪ Masfjordnes-Duesund og Leirvåg-Sløvåg: Avgangstidene på sambandet er ikkje godt nok koordinerte, noko som medfører at mange vel å køyra den lange vegen rundt i staden for å reisa med ferja. Dette er lite gunstig for miljøet og «spiser» opp vinsten med meir miljømessige ferjer. ▪ Korrespondansen mellom ferjer og buss fungerer ikkje godt nok i Nordhordland. Det er behov for at ferje- og bussmannskapet har betre kommunikasjon om overgangar, spesielt i situasjonar med avvik frå planlagt rutetid. Det vil ofte vera snakk om enkle rutinar og små grep. Språk er ei utfordring, t.d. på ferja Fedje – Sævrøy. ▪ Regionen vil peika på at ferjesambandet Valestrand - Breistein er eit viktig ferjesamband for både Osterøy og regionen. Ferjesambandet må oppretthaldast på dagens nivå, og bør også elektrifiserast. Regionrådet er klar over at dette ikkje er med i fylket sine planar no, men me ventar tydelege signal frå fylket (jf. valkampen) om at dette sambandet skal innarbeidast til liks med dei andre ferjesambanda. ▪ Regionrådet er svært positive til ei billettløysing med Autopass framfor manuell billettering på ferjene. <p>Skyss avslutta med å seia litt om vegen vidare:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Skyss vil sende ut eit referat frå møtet, med frist for tilbakemelding ▪ Kommunane kan føye til eventuelle ytterlegare innspel i referatet ▪ Kommunane sine innspel vil bli tatt med i det vidare arbeidet med anbudsgrunnlaga
<p>Sak 35/15</p>	<p>Strategisk næringsplan. Orientering status etter kommunal handsaming. Oppfølging av tiltaka</p> <p>Vidar Totland, BRB informerte om «Strategisk næringsplan» og status etter kommunal handsaming (jf. vedlagte presentasjon)</p> <p>Planen er meint å vera det offentlege sitt verktøy for å møte næringslivet sine behov i næringspolitikken. Den er felles for alle BRB sine eigarkommunar, og er tilpassa Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. Planperioden er 2015-2020, og tiltaksdelen er toårig.</p> <p>Kommentarar frå Regionrådet:</p> <p>Det vart peika på at mange av tiltaka er knytt til Bergen og områda rundt Bergen, men at ein sikkert burde vore flinkare med å koma med eigne innspel. Totland viste til at tiltaksdelen vert rullert ganske ofte, så det er fullt mogeleg å koma med innspel til endringar etter kvart.</p> <p>Me som region (og eigen kommune) må som eigarar vera meir tydeleg på bestilling til BRB. BRB er på tilbodssida, så det er vår oppgåve å gjera oss nytte av det.</p> <p>Totland informerte nærare om tiltak 4 i planen – «Rekkefølgebestemmelser og utbyggingsavtaler» og at dei ville be om tilbakemelding frå kommunane om korleis kommunane handterer dette – og at ein så vil fylgja opp med ein erfaringskonferanse med dette som tema. Regionrådet synest dette var ein god ide. Samstundes vart det understreka at det i stor grad er Statens Vegvesen som set rekkefølgekrav som stoppar utbygging – ofte mindre og enkle prosjekt – og dette gjev store utfordringar. Dette bør BRB også sjå nærare på. Dette betyr ikkje at ein ikkje har forståing for det vert satt riktige rekkefølgekrav ved utbygging for å få ein god utbygging.</p>
<p>Sak 36/15</p>	<p>Godkjenning av planutkast Interkommunal nærings- og samfunnsplan for utsending på høyring.</p> <p>Rune Heradstveit orienterte kort om planutkast «Interkommunal nærings- og samfunnsplan» - og om</p>

	<p>vidare prosess for planen. Planen har vore ute på ei administrativ høyring i kommunane og er no tenkt sendt ut på ei «offentleg» høyring til kommunane, BRB, fylkeskommune, fylkesmann, næringslivsorganisasjonar og andre som er berørt av planen. Deretter har eit tenkt å presentera planen for det nye kommunestyret før den vert sendt til handsaming og endeleg vedtak i kommunane.</p> <p>I diskusjon kom det fram at ein bør vurdere nærare korleis planen skal følgjast opp på ein god måte ute i kommunane og hos dei som elles «eig eller er deleigar» av tiltak. Ein må vidare sikra eigarskap hos kommunane – det er derfor bra med ein presentasjon for det nye kommunestyret. Dette bør skje på fyrste møtet etter nyttår, før den tid er det vanskeleg. Vedtak kan ein så gjera i eit av dei fyrste kommunestyra etter dette.</p> <p>Vedtak: Regionrådet slutta seg til framlegget frå administrasjonen om å senda planen ut på offentlig høyring til kommunane, berørte etatar og næringssamarbeid og deretter å presentera den for nytt kommunestyre før endeleg vedtak eit seinare møte.</p>
<p>Sak 37/15</p>	<p>Kommunereform. Bent Gunnar Næss orienterte kort om arbeidet med samling for ungdomsråda og for næringslivet i regionen. Ein planlegg med samlingar etter haustferien ein gong, og at det vert gjennomført som ei form for frukostmøte.</p>
<p>Sak 38/15</p>	<p>Pilot beredskapsprosjektet – Bergensalliansen. Status deltaking. Jon Askeland viste til ein e-post frå sekretariatet i Bergensalliansen som var kome same dag. Det skal no lagast ein prosjektbeskrivelse for den vidare mogelegheitsstudien. 25 kommunar har sagt dei vil vera med vidare. Saka vert tatt opp på neste møte i Regionrådet.</p>
<p>Sak 39/15</p>	<p>Framtida til Fedje sjøtrafikksentral – korleis gripa tak i utgreiingsarbeidet som Kystverket no er i gang med. Per Lerøy la fram eit notat med forslag til vedtak i Regionrådet (vedlegg). Han innleia med ei orientering om det utgreiingsarbeidet som Kystverket no er i gang med og der det er kome fram signal om å leggja ned Fedje sjøtrafikksentral.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ det var Statoil og Hydro som kosta trafikksentralen i 1992 når den kom på plass – og som i nær dialog med Kystverket bygde den ▪ det er i dag klar eskorte krav til fartøy – krav som næringa sjølv har pålagt seg for å ivareta tryggleiken godt nok ▪ ein har avgifter som gjer at dette er god butikk for Kystverket. Avgifta er pr. tonnasje – og Kystverket har svært god inntening ▪ Lerøy er usikker på kvifor dei vil redusere aktiviteten på Fedje, men peika på at los-formidlinga allereie er lagt til Kvitsøy ▪ Innseglinga til Mongstad er krevjande med omsyn til straum i sjøen. Det gir krav om lokal kunnskap slik at ein bl.a. kan fylgja med visuelt – noko som kan vera avgjerande i krisesituasjonar. Lerøy viste her hendinga med gasstankaren Marte i september 2004. Det å flytta trafikksentralen til Kvitsøy vil vera ein risikosport. Tonnasje og tal farleg last og kryssande trafikk, er langt større her ved Mongstad og Sture. <p>Vidar Bråten fortalte litt om kva Fedje har gjort , og han meinte at brukarperspektivet er lite ivaretatt. Fedje ligg i sentrum for stor trafikk og trafikksentralen er ideelt plassert med tanke på dette. Fedje har laga eigen uttale.</p> <p>Kartein Totland var tydeleg på at kommunane og Regionrådet på det kraftigaste må avvisa ei flytting av trafikksentralen. Lenger inne i fjorden har ein bøyer som vert nytta til ankring – og at ei forutsetjing for dette er tett overvaking.</p> <p>Regionrådet var enige om at ein må få Statoil å bana – og få dei med å støtta vårt syn. Dette er ei viktig regionpolitisk sak – og det må gjevast tydelege politisk signal. Ein må invitera seg inn til politisk nivå i departement og t.d. Kystverket, og ein bør både oppdatera og invitera Hordalandsbenken til å ta tak i dette.</p> <p>Regionrådet sette ned ei arbeidsgruppe beståande av Vidar Bråthen, Per Lerøy, Nils Marton Aadland og Rune Heradstveit. Arbeidsgruppa initierer eit møte med Statoil Mongstad og Hordalandsbenken og vurderer politiske innspel.</p>

	<p>Vedtak: Regionrådet i Nordhordland krev at dagens drift ved Fedje sjøtrafikksentral vert vidareført og styrka som følgje av auka aktivitet og skipstrafikk i området. Kystverket må styrka sine førebyggjande tiltak langs heile Norskekysten for å hindra skipsforlis og miljøkatastrofar. Regionrådet i Nordhordland ber om å bli høyringsinstans dersom Kystverket i framtida planlegg endringar av drifta knytt til Fedje sjøtrafikksentral eller los-tenesta på Fedje.</p>
<p>Sak 40/15</p>	<p>Endringane i eigedomskatten på verk og bruk. Uttale. Innleiing Per Lerøy.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ nettverk for petroleumskommunar (7 kommunar) har gjort eit vedtak ▪ kraftkommunar vert også ramma på den delen som gjeld liner ▪ kommunane tapar 1,2 – 1,4 mrd. – kanskje meir ▪ staten får vinst i auka skatteinntekter ▪ Statoil, Statkraft og Statnett vil spare mest ▪ røyrleidning frå Johan Sverdrup vil krevja store areal, også der det er i tunnel, og det gir beslag på store område som ikkje kan nyttast til noko. Det same gjeld for kraftliner. Kommunane bør få noko att for å stille areal til disposisjon, viss ikkje vil det bli uinteressant for kommunane å stilla opp. Utan skatteinntekter vil ikkje lokalsamfunna seia ja til desse utbyggingane. <p>Nils Marton Aadland viste til at også Meland kommune har gjort vedtak i saka. Dei rår frå å gå for endringar, subsidiært at det vert sett ned eit lovutval som ser på dette</p> <p>Hallvard Oppedal peika på at også eigedomsskatt på vindkraft vil falla bort, og då vil det ikkje vera interessant for kommunane å vera med på slik utbygging.</p> <p>Per Lerøy med fleire peika på at dei reknar med at forslaget vil falla, men at det er viktig at Regionrådet engasjerer seg i saka, og sender ein uttale.</p> <p>Vedtak: Regionrådet sluttar seg til uttalar frå eigne kommunar, frå nettverket for Petroleumskommunar og LVK, og ber administrasjonen laga ein uttale som byggjer på Meland sin uttale og som tar med dei konsekvensar det vil ha for vindkraftutbygging.</p>
<p>Sak 41/15</p>	<p>Nytt frå utvala</p> <p>Helseutvalet Det vart vist til sak 42/15 om kreftkoordinator i kommune og elles til referat etter møte 3-2015 i Helseutvalet 4. september.</p> <p>Nærings- og samferdsleutvalet Ikkje noko nytt å melda.</p> <p>Kulturutvalet Ikkje noko nytt å melda.</p>
<p>Sak 42/15</p>	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Kreftkoordinator i kommunane? Dette var ei oppfølgingssak etter møte i Helseutvalet. Jon Askeland innleia. Kreftforeininga har dei siste åra hatt ei satsing på å støtta og bidra til å finansiera kreftkoordinatorar i meir enn 215 kommunar rundt i landet. Kommunar som er med i ordninga får dekka 75% av lønskostnadene dei tre første åra. Ingen av kommunane i Nordhordland deltek på denne ordninga. Geir Vangsnes, distriktssjef i Kreftforeininga orienterte i Helseutvalet om satsinga på kommunale kreftkoordinatorer og korleis dei kan bidra økonomisk til etablering av ei slik kreftkoordinatorstilling i Nordhordland. Styret i Kreftforeininga har no løyvd ekstra midlar som skal brukast til å invitera med utvalde kommunar til å søkja om å bli med i ordninga. (Presentasjon om ordninga er vedlagt.)</p> <p>Kort drøfting: Tiltaket er fint og det er naudsynt, og det er ikkje tvil om at ein kan få til betre oppfølging for dei som har kreft. Det er viktig å ha nokon som kan kome ut, og som kan delta tidleg i ein prosess og gje tryggleik.</p> <p>Me må ha ein formeining om korleis det skal nyttast før ein hoppar på dette. Det er viktig at dette i såfall ikkje berre vert ein administrativ stilling, men og operativ. Dersom kommunane ønskjer å</p>

	<p>samarbeida om å ha ein felles kreftkoordinator, må nivå, driftsmodell og ressursbehov vurderast nærare, og det må vurderast om dette er ei sak som må til politisk handsaming før ein kan søkja.</p> <p>Vedtak: Regionrådet ser positivt på ein kreftkoordinator i regionen. Me må fylla stillinga med innhald slik at ein sikrar seg effekt av tiltaket – den tilbakemeldinga må gå relativt raskt. Regionrådet ber om at NUI lagar ei sak på dette.</p>
	<p>CO2BIO Rune Heradstveit informerte om status for tilsegn om midlar frå Regionrådet. Regionrådet har tidlegare gitt CO2BIO tilsegn om skaffa 1,0 mill. til prosjekt (tilsegn frå andre er på 11,0 mill.). Foreløpig er det løyvd kr 450 000 frå det regionale næringsfondet, og gitt ytterlegare tilsegn om kr 150 000. Resten, kr 400 000, var tenkt løyvd i frå Kompensasjonsfondet. Dette fondet har vore prioritert til Nordhordlandspakken AS, og det står no att berre om lag kr 60 000 på det.</p> <p>Til saman på dei tre fonda (Kompensasjonsfondet, Regionalt næringsfond og Lokal næringsfond) er det no kr 660 000, medan det er løyvd til saman kr 750 000. Det betyr ein manko på om lag kr 90 000 dersom CO2BIO skal få kr 400 000. Regionråda får ikkje lenger tilskot til Regionalt næringsfond. Spørsmålet er då kor midlane skal hentast frå? Slik situasjonen er no, må midlane koma frå eigarane (kommunane), frå driftsbudsjettet til NUI, eller frå disposisjonsfondet til NUI.</p> <p>Vedtak: Regionrådet var tydeleg på at regionen opprettheldt sin lovnad om samla kr 1,0 mill. til CO2BIO, og ber dagleg leiar underretta UIB om dette. Vidare ber Regionrådet dagleg leiar primært å finna ei løysing innanfor drift eller disposisjonsfondet.</p>
	<p>Kommande møte: Regionrådet ynskjer å avslutta perioden med middag og sosial samling i samband med eit av dei kommande møta. Dagleg leiar kjem tilbake med forslag.</p>

Knarvik, 17. september 2015



Jon Askeland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 34/15 Skyss, presentasjon om nye ferjeanbod
- Sak 35/15 BRB – presentasjon strategisk næringsplan
- Sak 36/15 NUI – presentasjon «Interkommunal nærings- og samfunnsplan»
- Sak 39/15 Per Lerøy – notat om Fedje sjøtrafikksentral
- Sak 42/15 Kreftforeningen – presentasjon gitt i Helseutvalet 4. september